




Vinje-senteret

# Vinjes plass i nåtida



**Andreas Hompland**

© 2018 Andreas Hompland og Nynorsk kultursentrum

*Framsida*

Andreas Hompland. Foto: Fotograf Sturlason for Kagge.

Redigert versjon av tale under hovudmarkering i 200-årsjubileet for A.O. Vinje på Vinjar samfunnshus i Vinje 6. april 2018

Publisert etter avtale med forfatternen på Vinjesenteret.no 18. september 2018

DEN 8. JANUAR 1851 HADDE A.O. Vinje det første bladstykket sitt på trykk som Christiania-korrespondent for Drammens Tidende. Det var den første av fem programartiklar om journalistikken.

Idealjournalisten skulle basera seg på sanning og vera ein allvitande danning-agent, ein fyrigangar (avant garde) i det store moderniseringsprosjektet. «En lærer for folk og stat». Stå på «videnskabens og civilisationens høider, hvorfra han kunde overskue det hele i sin organiske sammenhæng». Han skulle også føla «nasjonens puls» og som «en kjærlig læge forordne de bedste mediciner».

Ikkje mindre.

Det er stort. Det er gjævt. Stor arv det er for mannen, av godtfolk vera fødd. Det kan vera så god ei stød. Men når ein sjølv går sliten og leitar etter ord, kan det jo tenkast at ein kjenner seg så liten, fordi han var så stor og stilte så høge krav. Då kan ein trøysta seg med at Vinje ikkje alltid levde opp til sine store ord, han heller.

### **Arven etter Vinje**

Eg kjenner meg ikkje att i Vinjes kolossale vyar for det å vera bladmann. Men eg kan kjenna meg litt i slekt med hans språksyn, tvisyn, skråblikk, kåte hugskott, sarkasmar og antiautoritære haldning.

Det er alltid mest freistande å gå laus på dei herskande tankar og gje seg i kast med tankane frå dei herskande, når dei breier seg ut til allmenne sanningar. Det er kjekt å ha venner, men som journalist bør ein setta minst like stor pris på gode uvenner. Uproblematisert lojalitet til saker og autoritetar er ikkje berre ein uspennande ståstad

for den som skal analysere og kommentere. Det er også i lengda skadelig for dei ein vil vera lojal mot. Og undergravande for ein sjølv. Den som ikkje har kritiske venner, får snart berre dårlige uvenner eller ukritiske venner.

Kritikken av andres posisjonar må også vera kritisk til eigen ståstad. Det er tvilen og ikkje trua som fører oss framover. Eg er redd for dei reine og ranke, dei faste og sterke menn. Eg kjenner meg meir heime i det opne og klare, men trulause og doble.

Det trur eg er å ta vare på ein flik av arven etter Aasmund Olavsson.

### **Bymann med bygderøter**

Eg kan kjenna meg att i meir av Osmund Olsen Plassen. Som han har eg bygderøter, men føtene har ført meg også til byen, og der har eg tatt mine grader som rural-sosiolog og hatt mitt arbeid. (Nå ja, arbeid, mor mi blei alltid litt unnfalle når ho fekk spørsmål om kva eg gjorde. Nei, sa ho, han har aldri hatt noko ordentlig arbeid – han driv nå på og skriv.)

Eg trivst i byen, sjølv om eg ikkje vil rosa åndslivet og vettet i hovudstaden så voldsomt som Vinje gjorde i periodar: «Der landets største tankemengd er i omlaup.» Då han la ut på si store ferd sommaren 1860, skreiv han i Dølen:

Far vel, hovudstaden!  
i deg var det best:  
der fann eg dei beste,  
der lærde eg mest.

Eg kan bera frons urbana utan å bli avslørt – i alle fall til eg opnar kjeften. Eg har fått Vinjeprisen, men den einaste språkprisen eg har fått, er Vest Agder mållags dialektpris. Og den er eg glad for og stolt av, for eg fekk den mellom Kristen Gislefoss og Bjøro Håland. Og nokre år før Aril Edvardsen.

Som Vinje har eg vore tospråklig og skrive eit like ukurant språk som han gjorde i si tid. Ivar Aasen lika på leiken ille. Og som Linda Eide har slått fast: Nynorskfolk er

fødde med raudpenn i handa. Derfor har eg då òg gjennom åra fått mange brev som dette frå lærarar: «Eg liker mykje av innhaldet og dei uventa vinklane i det du skriv. Men kunne du ikkje halda deg til læreboknormalen slik at eg kunne ha brukt tekstane dine som grunnlag for reflekterande stiloppgåver – utan å føra ungdommen på villspor i rettskrivinga?»

Eg sympatiserer med deira problem, men eg har ikkje kunna hjelpa dei. Eg skriv ikkje som eg gjer fordi eg ikkje kjenner nynorsknormalen, men fordi eg vil følgja min eigen normal. Og, det må eg innrømme: for å plaga puristane litt.

Det har blitt meir nynorsk etter kvart. Ottar Grepstad siterer meg på at eg skal ha sagt at det var fordi eg blei mindre «vi» og meir personlig i stilen som spaltist og fri skribent, og då kunne eg ikkje få meg til å skriva «eg» og kjenna att meg sjøl. Og når han har sagt og skrive det, er det sikkert rett.

### **Vinje sitt tvisyn**

Vinje hadde tvisyn. Tvisyn er ikkje det same som varsemnd og vankelmot. Han var klar i sine meiningar og sin tale, i sympatiar og antipatiar. Han kunne vera vrang, men det var ikkje bastante, urikkelige meiningar han målbar. Som han skreiv i *Andhrimmer* i 1851: «Sandheden er ikke noget fixt og færdigt, men en proces, noget flydende.»

Sjølve programsitatet er dette i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*: «Me sjå med eit augnekast liksom retta og vranga på livsens vev, soleis at me lettare kunna liksom gråta med det eine auga og le med det andre.»

Vinje var «kløyvd», for å seia det med Odd Nordstoga. Og som me veit: Det er kløyvd ved som brenn best, ikkje heil ved.

Vinje var alltid opplagt til protest mot gjengse oppfatningar. Han ville både irritera og vekka til ettertanke. Han var ertelysten inn i det taktlause. Han hadde respekt for det verdifulle i det ervde, men han snerta stadig etter fortidsdyrkinga som ville kvila i seg sjølv. Han var oppglødd for ny teknologi.

I første nummer av *Dølen* skreiv Vinje i 1858 om «grasroti», «denne friske grasrot». Men han var også åndsaristokratisk skeptisk til den same grasrota – «det sokalla

folket». «Herkemugen» var like lite eigna til å styra rike og land, som den einestyrande kongen og den sjølv gode eliten.

Døletrua var ikkje berre skeptisk, ironisk og kritisk, men også ein trassig idealisme med strenge krav til heilskap og samanheng. Vinje lét seg ikkje blåsa med dei populære vindane. Demokratisk styre måtte kvila på kunnskap og folkelig danning.

Vinje tok på alvor at han var medlem av to verder – den folkelige og den danna, og han var kritisk og utru mot dei begge. Han var dobbelt opposisjonell og dobbelkulturell. Han var blitt juridisk kandidat og hovudstadsman, men heldt fast i bakgrunnen som fattig bygdegut. Det var noko av fundamentet i Vinjes tvisyn. Han var glad i blåmann, men politisk var han også grøn og rød – som tytebæret oppå tuva.

Dobbelkulturalitet er ikkje berre lett å handtera. Det er vanskelig nok å ha to tankar i hovudet på ein gong. Endå vanskeligare er det å ha to ulike røyndomar romsterande der inne. Det kan bli mange forvirrande haldningar, mange usamanhengande tankar og mange grove sjølv motseiingar av slikt. Fleirkulturalitet med røter og føter, med hjarte og hjerne i fleire kulturar, kan vera plagsamt og slitsamt, men det er også til å bli klokare av. Det gir både utsyn, innsyn og tvisyn.

Bastardar og hybridar har store kvalitetar dersom dei ikkje prøver å forneakta det uekte. Det er ein styrke å vera *member of two worlds* – dersom ein kan halda ein viss orden på tilhøvet mellom dei og ikkje bli apologet for den eine eller framand i begge. Det doble og samansette er jo sjølve utfordringa for det stadig meir fleirkulturelle Norge av innflyttarar og innvandrarar.

## Dagbladet

Meisterkåsøren Ivar Eskeland kalla kåserisjangeren foxtrot, revelusking på norsk. Reven luskar hit og dit og tar mange avstikkarar rundt nordstogene. På merkelig vis held han likevel sporet.

Her kjem ein slik avstikkar, om meg sjølv og Dagbladet.

Eg har hatt det meste av mitt skriveliv i Dagbladet. Som fast tilsett journalist i nokre år, i ein kort gjestevisitt som kultureddaktør, men lengst som utanforståande og

frittstående skribent med spalta *SIDEBLIKK*. Sjølv sagt med eit namnepeik til Vinjes tvisyn.

Perspektivet var nettopp *spalta*, som er eit anna ord for å vera kløyvd. Det klassiske Dagbladet var ei schizofren pakke. Medium som ikkje er litt schizofrene, blir rigide og einspora, og det er ein verre diagnose. Like ille som schizofreni på tomgang.

Eg var spaltist i Dagbladet kvar veke i 35 år. Til eg ein torsdag for eit par år sidan fekk ein e-post om at den spalta eg skulle levera dagen etter, var mi siste. Mi tid var ute, for eg skreiv gamaldags og var ikkje aktiv nok på nett. Dessutan trong dei plassen i papiravisa på laurdagar for å profilera sin talentfulle, men ukjende kultur-redaktør.

Nå kan ein jo, utan å vera perfid, meina at det er tida som er ute for det klassiske Dagbladet, som for dei andre, breie papiravisene med politiske røter hundre år bakover i tid.

Dagbladet er elles eit blad som Vinje kunne ha hamna i, for det blei starta i 1869 av ein av dei nære vennene hans frå Døleringen: Hagbard Emanuel Berner, som også grunnla Det Norske Samlaget, Kvindesaksforeningen og Likbrendingsforeningen. Portrettet hans prydar stadig kolofonsida i Dagbladet med mottoet: «Uavhengig og riksdekkende venstreorgan for frisinnet og framskrittsvennlig politikk i nasjonalt, sosialt og økonomisk henseende».

Etter ei velvillig tolking av reglane er eg forresten blitt tatt opp som medlem av Dagbladets pensjonistklubb. Dei har eit underlig problem som er det motsette av Oljefondet: Dei har ein betydelig kapital, men det kjem til å bli stadig færre, nye pensjonistar i åra framover. Grunnen er at Dagbladet ikkje har trykkeri lenger, og at det blir færre og færre fast tilsette journalistar. Dei er bytta ut med vikarar på kort-tidskontrakt. Då gjeld det å halda gode idear tett til brystet og ikkje dela dei med kollegaer.

Dette er ikkje spesielt for Dagbladet, men normal sosial dumping i medie-bransjen. Medlemstalet i Norsk journalistlag fell kraftig år for år. Nå er det færre journalistar enn informasjonskonsulentar i private og offentlige verksemdar. Partiet Ven-

stre, om det er nokon som minnest det, har til dømes fleire enn den politiske redaksjonen i Aftenposten. Dei må i tillegg jobba i alle kanalar og kontinuerlig oppdatera nettet og legga til nye linkar.

Ikkje rart at skrivekarane ikkje lenger har tid til å sitja på skjenkestover og riva kjeft. Eller samlast til «kvervingsdrykkjur», som Vinje kalla det. For dei har fått sambuarar som arbeider skift, så dei må i barnehagen og heim og legga barn. Etter det sit dei heime, sjekkar Facebook, liker, linkar og tvittrar.

Forresten: Det berømte indre rom på nå nedlagde Tostrupkjelleren, der juryen i Kjendistoppen hadde sine møte, heitte Holland. Rommet var oppkalla etter Det lærde Holland, ein av dei avanserte ungkarskretsane Vinje var med i – til ekteskapsdjevlen gjorde ein slutt på det.

Grunnen til at Dagbladets pensjonistklubb har så mykje pengar på bok, er også at den heiderskrona arkivaren Mari Evenrud oppretta ein stiftelse der ho la inn aksjar i Dagbladet som faren hennar hadde skaffa seg i ein hard partistrid for å støtta Dagblad-Venstre.

Aksjane var lite verd før Jens Paludan Heyerdahl den yngre kom på banen og omdanna avishuset til ei gruppe som paradoksalt nok tok namn etter Berner. Resten er kort fortalt. Bernergruppen gjekk over til det som lønner seg best i våre dagar, eigdomsutvikling. Trykkeriet blei lagt ned og avisa flytta frå sitt eige hus i Akersgata og Citypassasjen, først til eit kontorlandskap i Oslo havnelager, så til ei anonym kontorbygning på Løren – som innerst hos den nye eigaren, danske Allers.

Nå er alle eigedommane selde, og Jens P. Heyerdahl og hans medbestefar Torstein Tvenge, som hadde kjøpt ut andre aksjonærar til lågpris, sat med ein halv milliard kvar i slaktepris. Det var verdien av tørka, journalistisk mannsveitte og prentesverte i 150 år.

## **Dag og Tid**

Eg stura ein haust etter at mi tid i Dagbladet var ute. Så kom eg til eit hus som ville meg hysa, til ein heim eg ikkje visste at eg hadde. Dag og Tid hadde eg tidligare kalla



æreskyrkjegarden for norske journalistar fordi bladet tar vel imot folk med pensjon eller sluttpakke frå nedskjeringar i dei store mediehusa.

I Dag og Tid har eg ein pirkete bladstyrar som bryr seg, og ein streng språk-vaskar. Så nå skriv Hompland normalisert nynorsk på prent. Såpass synest eg det er rimelig å ofra når dei held seg med noko så utryddingstruga som kompetente korrekturlesarar. I andre aviser står det automatiske ordrettingsprogrammet Tanza for den dansen.

I Dag og Tid har SPALTISTEN skaffa seg to gode hjelpeskrivarar: VERTINNA som er ei slags folkelig Malene frå Folldal, og BYRÅSJEFEN SOM kjenner dei byråkratiske krinklane og krokvegane. Han er eit flogvit med tvisyn på den forvaltninga han sjølv er ein del av, men han ville aldri ha gått i Vinjes fotefar og fått sparken frå ei stilling han hadde tigga seg til. Byråsjefen ytrar seg ikkje mot styresmaktene offentleg, berre i slutta lag og i trumål.

### **Eit lite bladsjå**

Det er greitt å ha Vinje som eit slags forbilde. Ein kan berre ikkje, og skal ikkje, alltid gjera som forbilda. Ein skal ha eit tvisyn på dei også.

Sjølvsagt er det ganske meiningslaust å flytta Vinje i tid og rom til våre dagar og laga kontrafaktiske scenario ut av det, men det er nå ganske gøy. Som Vinje skreiv i ferdaminna om dei sæle dagane i Nidaros: «eit gjestebod millom humor og anachonisme». Med eit stykke alvor i bann. Når Vinje var så stor, må ein rimeligvis i hans ånd ha eit tvisyn på han som skrivande nybrottsmann og journalistisk førebilde, utan å låga ned på han.

Først eit lite bladsjå over pressesituasjonen på Vinjes tid:

For Vinje begynte det mellom anna med politiske lesarbrev til støtte for Søren Jaabæk i Lister og Mandals Amtstidende. Då han kom til hovudstaden i revolusjonsåret 1848, skreiv han i det då radikale Morgenbladet, seinare i fleire bladfiller med kort levetid: Folkets Røst, Tiden, Andhrimner, Manden. Og i Illustreret Nyhetsblad, som vennen Paul Botten-Hansen redigerte.

I 1851 blei Vinje tilsett som Christiania-korrespondent for Drammens Tidende, som var den første dagsavisa i landet utanom hovudstaden. Der skreiv han i åtte år til saman om lag 700 såkalla korrespondentbrev. Dei var usignerte, men alle visse at det var Vinje. Det var der han skapte seg eit namn som bladmann.

Alt han skreiv i avisa, og som ennå kan finnast, er forteneestefullt, grundig og kritisk dokumentert av Nina Marie Evensen og Jon Haarberg. Det ligg fritt tilgjengeleg på Internett og ville ha vore fem nye bind i *Skrifter i Samling*.

## **Journalistisk fornyar**

Om Vinje som journalistisk fornyar har eg dette å seia:

Fram til hans tid var dei store avisene fylte av bekjentgjørelser, offisielle kunn-  
gjeringar, såkalla adresser, annonsar, møtereferat, gamle utanriksrapportar, innsende artiklar og litterære føljetongar. Slik var det også i dei mange lokalblada som kom til.

Nyhetsjournalistikk var ikkje oppfunnen. Vinje sende breva sine i posten med hesteskyss frå Christiania til Drammen. Dei kom på trykk to dagar seinare. Den første telegraflina i landet kom mellom dei to byane i 1855.

Det var i Drammens Tidende Vinje øvde seg i nye skrivemåtar og språklige uttrykksformer. Han skreiv i mange sjangrar – både reine og blanda: reportasje, meldingar, nyhende, kuriosar, kjendiseri, kåseri, dikt, lærestykke, propaganda og politiske kommentarar. Det gjorde han etter mottoet «alle genre ere gode, undtagen det kjedelige». Vinje blei «dølen» lenge før Dølen, som Jon Haarberg formulerer det.

Det gjekk ikkje hus forbi i hovudstadspressa. «Ordgyteri av verste sort», kalla Christiania-Posten det. «Tankehestepærer», heitte det i Krydseren.

Denne lange perioden i Vinjes skriveliv er ikkje ein del av den kanoniserte Vinje av di han skreiv på dansk bokspråk – veldig bra og litt folkeliggjort, forresten. Den ikonografiske Vinje begynner med Dølen, for det var då han fullt ut gjekk over til landsmål, og det var der han utvikla seg vidare som merkevare. På mange måtar skreiv han seg ut av journalistikken og over i essayistikken. Det tar eg Olav Vesaas sine ord

for: frå kommenterande journalistikk i Drammens Tidende til kåseriliknande essayistikk i Dølen.

Vil ein ha tak på Vinje som journalistisk fornyar, må ein altså ta ein ekspedisjon til Drammen.

## **Innvendingar**

Så til innvendingar mot Vinjes journalistikk, sett frå nåtidas ideal.

**1. Vinje heldt ikkje sjangrane frå kvarandre, men blanda dei.** Det er ei av dødssyndene i den moderne truvedkjenninga som heiter journalisme.

Sjølv er eg ikkje oppdratt i trua på reine sjanger, og slett ikkje i den praksisen. Tvert imot. I mi beste tid som journalist i Arve Solstads politiske avdeling i Dagbladet på 1970-talet, var det vanlig at éin person kunne laga intervju, referera, kommentera og skriva leiar om same sak, i same avis, same dag. Av og til glei dette heilt over i kvarandre under vignetten «Fra den politiske arena».

Høgdepunktet i denne blandingssjangeren var nok under EF-kampen i 1972. Då dreiv me kampanje og laga vridde og analyserande rapportar med vignetten «Fra grasrota». Sjølv minnest eg med stor glede eit slikt blandingsprodukt frå Vinje, der den *meget* urbane Trygve Bull møtte dølane med ein kraftfull appell. Eg la også inn nokre ord frå gamle Olav Versto, som hadde måla «Nei til EEC» på låveveggen som ei velkomsthelsing til Vinje.

**2. Vinje var produktiv og leveringsdyktig, men ikkje alltid like faktasikker.** Det hende han juksa litt, og ikkje berre til eksamen. Han skreiv under tidspress, slurva mykje med kjeldene og dikta ofte litt fritt om kva folk faktisk hadde sagt. Han kunne fått dommar mot seg i Pressens faglige utvalg og blitt knipen av fakta-sjekkarar.

Slik var det også i samtida. Ivar Aasen meinte at Vinje skreiv kaudervelsk reint språklig. Han klaga ein gong over at Vinje handsama ei sak «paa sin sædvanlige overfladiske og skjødesløse Maneer».

Det skal Vinje ha: Han var eit føredøme i å bruka spalteplass til å retta trykkfeil og koma med rettingar av innhaldet i seinare korrespondansar, men med ein sar-

kastisk vri. Alt var slett ikkje like underbygt og heller ikkje like leseverdige. Han var ein kranglefant med raske inntrykk og uttrykk. Då han ga ut bok på engelsk om ein nordmanns syn på Bretland og britarne, skreiv ein engelsk melder: *A quick observer, but by no means a deep thinker.*

**3. Vinje heldt ikkje deadline då han fekk sitt eige blad.** Dølen var i hovud-sak eit høgst personlig produkt, eit organ for, av og med Vinje på landsmål. Han var ein privatpraktiserande redaktør med lange orsakingar når bladet ikkje hadde kome ut på ei stund. Opplaget var lågt, og det fall. Dølen kom når Vinje hadde noko å fylla bladet med, også med ein kategori stoff han kalla «blandingar», altså kuriositetar, og stadig oftare diktsyklusar og lengre framhaldsfortellingar. Ferdaminne var ei sær-utgåve etter eit langt opphald.

Ein kan seia at Vinje aldri skreiv bøker. Mest alt han samla og ga ut mellom permar, hadde stått i Dølen først.

Manglande regularitet er sjølsagt ei dødssynd i moderne blad og etermedium. Abonntar vil ha det dei har krav på når dei ventar det. Og det skal vera oppdatert.

### **Sommarvikar**

Sjølv har eg ikkje vore bufast i eit avishus på over 30 år. For eit par år sidan hadde eg likevel eit slags sosialantropologisk feltarbeid som sommarvikar i Dagbladet nokre veker.

Ei erfaring frå det er verdien av redaksjonelt arbeidsfellesskap, sjølv om det blir tynnare når avisene nedbemannar. All respekt for isolerte og konsentrerte einmannsføretak – eg er det sjølv, men også røynde pennar kan bli betre av å ha nokon å kasta idear med, bryna seg på, krangla med og leva i gjensidighet med.

Ei anna erfaring er nettet. Lovande, unge vikarkollegaer var racerar på å utstyra og kopla korte meldingar til lenker frå andre saker i andre medium. Når dei høyrde lyden av saks eller riving i papir frå min plass, høyrde eg låtten i det opne kontorlandskapet. Det var heilt rimelig, for eg er ein papirmann frå den forrige generasjon

og såleis ein sjølbedragar. Mi tid er snart ute, og eg er i grunnen fornøgd med det, for eg meiner at eg har vore med i papirets gullalder.

Så det er ikkje trist for meg. Det alvorlige er at heile den norske avismodellen er i ferd med å bryta saman. Det er ikkje ideala som har svikta, men sjølve grunnmodellen der inntekter frå annonsar, abonnement og laussal betaler for undersøkan- de og meiningsberande journalistikk. Avishusa har gitt bort innhald på nettet gratis så lenge at papiret har drepe seg sjølv, utan at det ennå har kome opp nye betalings- modellar som kan finansiera journalistisk substans. Her som elles er det distribu- tørane som tyner produsentane og konsumentane.

Når eg spurde vikarkollegaene om kva som var deira spesialitet, svara dei ikkje med eit fag- eller emneområde, men at dei var presentasjonsjournalistar. Journalist- utdanningane har stadig høge inntakskrav. Det er glup ungdom som går der. Dei lærer mykje om mangt, og dei kan mykje, men eg er redd for at dei får brukt stadig mindre av det.

Då blir det mykje upersonlig journalistikk i ei avpolitisert presse med journa- lismen som høgaste stadium. Der er mange mikrofonstativ og mykje lanseringsjour- nalistikk. Ein treng ikkje vita så mykje om det ein skal skriva om – nokre gonger blir det rett og slett sett som ein fordel at ein ikkje kan for mykje. Dersom ein ikkje får plass i nisjeaviser, der det er vårteikn å sjå.

Den analyserande og finskrivne journalistikken, forsøkt gjenoppliva fleire gonger som gonzo-journalistikk eller nyjournalistikk fordi den er så gamal, den som er i slekt med Vinjes essayistikk, må vika for dei kjappe hendingane og godtkjøps- kommentarane frå profesjonelle meiningsatletar og taleskrivarar. Avisene kuttar ned og sparar og satsar mest på gjenbruk og linkar, slik at det gravande og originale er mangelvare.

Det er lenge sidan Andreas Mæhlum vandra rundt på bygdene med skreppa på ryggen, bar ut bladet sitt «Nu» til abonnentane og samla stoff til neste nummer med ferdaminne og kuriositetar frå Valdres og Hallingdal. Å driva einmannsblad på papir i epoken for aviskonsern og mediebedrifter, er ei kjøvande nisje. Den siste eg minnest

gjorde eit forsøk, var Tor Gabrielsen etter ein strid i Dag og Tid. Hans Avis 1980 kom berre ut med nokre nummer i 1980. Seinare levde det vidare som eit intelligent utklyppsbyrå.

Ei annan utveg som mange drøymmer om i motlause stunder, er å få ein godt betalt jobb i PR-bransjen eller som senior informasjonskonsulent for eit privat firma, ein interesseorganisasjon eller ein offentlig etat. Før det er for seint. Saksekrisa i informasjonssamfunnet er når det blir fleire informatørar enn journalistar. Me er der snart.

### **Spaltist på reise**

Så skal eg prøva på den umulige oppgåva det er å plassera Vinje i medieverda av i dag.

Eg utelukkar at han hadde funne eit avishus som ville han hysa, eller som han ville forplikta seg til å bu fast i. Han kunne fått plass i ein kjellar, slik Dødens femte årgang var i Berner-bladet «Vort Land» våren 1867. Der skreiv Vinje når det høvde seg slik. Ein slags uregelmessig spaltist, altså.

På både papir og nett er det sterk etterspørsel etter sterke og motstraums meiningar, klar tale, rett frå levra. Det kunne Vinje, men han var betre på reflekterande og skjemtande tvisyn, og det er det mindre etterspørsel etter. Han kunne fått ei spalte i Morgenbladet eller Klassekampen eller Dag og Tid. Dei friaste avisene i dag er paradoksalt nok dei som er mest avhengige av statlig pressestøtte.

Det er liv laga i nisjane, men å skriva der er ikkje til å leva av. Dei som gjer det, er på ein eller annan måte lønna av staten, for eitkvart anna. Som Vinje var, då han krasjlanda på ein kopistkrakk med ei slags fordekt diktarløn.

Vinje kunne kanskje ha steppa inn som vikar for Jon Hustad i Dag og Tid, når han har permisjon for å vera frekk og kranglevoren i andre kanalar. For all del, det er godt at me har *Einzelgänger*, men det er i grunnen nok med ein av slaget.

Det spørst om ikkje Vinje ville ha falle ut med bladstyraren i Dag og Tid, for han kunne ha villa redigera den ustyrlige Vinje og gått lei av at han ikkje leverte fast nok, på fast mal. Då hadde det klikka for Vinje.

Ei meir nærliggande løysing kunne ha vore å senda Vinje ut på reiser for å skriva ferdaminne, som Nils Rune Langeland, Håvard Rem og Morten A. Strøksnes. Ingenting vondt sagt om dei strake vegane, men nokre gonger er kronglete stiar og omvegar meir spennande.

### **doelen.com**

Nei, det er ikkje lett å finna ein avisjobb til Vinje i dag. Det ville ha vore enklare i foredrags- og underhaldningsbransjen. Ein av hans spesialitetar var å reisa rundt som fesjå- og festtalar. Det er mange festivalar og diktardagar å ta av, og seminar i fylkeskommunen treng alltid nokon til å utfordra og friska opp. Dersom ein framstår som komikar eller artist, er honorara høgare. Det kunne Vinje ha levd av utan å vera kopist i ein statsetat eller ta ekstravakter på skulefritidsordninga.

Etermedia kunne ha vore ein utveg. Vinje hadde rett nok det som heiter eit passende radioansikt, men forma hans ville ha vore håplaut «umoderne radio». På fjernsyn kunne han brukt bajasbiten av seg sjølv og blitt ein gjengangar i talk-show på seine fredagar eller på lørda'n, slik Georg Johannessen var det hos Dan Børge Akerø. Hos Skavlan hadde Vinje passa dårligare, for han var utan internasjonal artistprofil. Som *sidekick* for Harald Eia eller i Nytt på nytt, derimot, kunne han ha passa inn med rare, uventa og kontrære kommentarar.

Eg trur heller at Vinje hadde gått ein annan veg, for hugs at han var teknologi-optimist og hylla nye kommunikasjonsmåtar. Han hadde gått digitalt, på Facebook, som tvittrar, med eigen blogg og nettside. Med seg sjølv som merkevare i einmannsføretaket **doelen.com**.

Det må vera dagens utgåve av eit einmannsblad. Der kunne Vinje vera seg sjølv og følgja sin eigen dagsorden i sin eigen kanal. Den digitale Dølen hadde nok rekrut-

tert mange «venner» som likte og delte. Berre sjå for dykk «Ferdaminne, minutt for minutt», eller dag for dag. «Journalistikk er døgnlitteratur», skreiv Vinje i 1851.

Kordan han skulle ha finansiert dette? Neppe som betalt og rosa fordekt produktomtale av kosmetikk, eller med annonsar som betaler seg med klikk.

Vinje var ikkje eit organisert lagsmenneske, men han ville gjerne ha ein ring rundt seg. Han kunne ha satsa på kronerulling og *crow funding*. For Dølen kunne det også ha vore von og Mohn i ein sympatiserande rikmann frå stordalen med spett i ryggen. Eller stipend, til dømes frå Fritt Ord, for Knut Olav Åmås har stor sans for gode prosjektsøknader frå enkeltjournalistar utan ein redaksjon i ryggen. Og Vinje var faktisk ganske dyktig til å skaffa seg stipend.

### **Nåtidas svar på Vinje**

Konklusjonen på denne reveluskinga i Vinje sine journalistiske fotefar må bli at det ikkje er så lett å finna ein plass for Vinje og Dølen i vår samtid. Heller ikkje kva som kan vera nåtidas svar på Vinje. Så her er det berre å ty til Aasmund Olavsson igjen:

Min store fader døydde.

– Sjå det me alle må –

og arven bort dei øydde.

Men somt eg att' kan få.

Her gjeng eg stundom sliten,

og leitar etter ord!

Kanske eg er så liten

for det han var så stor?